

## Arbeidsgiverforeningen Spekter sitt innspel til Meld. St. 22 (2022-2023) «Kunstnarkår»

### Institusjonane sine rammetilhøve er avgjerande for kunstnarøkonomien

Spekter er nøgd med at meldinga innleiingsvis får fram korleis dei offentleg støtta kulturinstitusjonane og NRK er viktige arbeids- og oppdragsgivarar for kunstnarane. Meldinga peikar på korleis føreseielege rammer og ressursar er viktig for den rolla institusjonane kan spele for eit samla kulturfelt. Mellom anna difor vil regjeringa sikre god økonomi for kunstnarinstitusjonar i heile landet. Dette er heilt i tråd med Spekter sine innspel.

Den økonomiske situasjonen for NRK og kulturinstitusjonane i dag er krevjande, og Spekter gjennomførte ei medlemsundersøking i haust for å kartlegge konsekvensane av den økonomiske situasjonen. Her seier over halvparten at det kan bli aktuelt å nedbemanne i inneverande år. I tillegg seier 75 prosent at dei reduserer bruken av frilansarar og vikarar, og 52 prosent må halde stillingar ubesett. Dette betyr færre arbeidsplassar for kunstnarane i heile landet, og viser godt korleis institusjonsøkonomi og kunstnarøkonomi heng nøye saman.

### Institusjonane sin autonomi

NRK og dei andre institusjonane er autonome verksemder med sjølvstendig ansvar for å levere på sine viktige samfunnsoppdrag. Meldinga framhevar dette på ein god måte gjennom mellom anna å vise til armlengds avstandsprinsippet. Institusjonane er sjølvstendige og opptatt av å inngå rimelege og fornuftige avtalar om bruk av åndsverk. Difor er Spekter glad for at meldinga mellom anna tydeleg slår fast at «NRK sjølv må ta ansvar for dei løpande vurderingane som er naudsynlege for at NRK skal kunne levere tilfredsstillande på det samla allmennkringkastingsoppdraget». Dette som eit svar på fleire høyringsinstansar sine innspel om at det bør formulerast sterkare krav til korleis NRK skal vere i forhandlingar og ved inngåing av avtalar med tredjepartar, opphavarar med fleire. Spekter meiner autonomien og institusjonane sitt sjølvstendige ansvar for måloppnåing er eit avgjerande prinsipp å halde fast ved.

### Ansvarlege arbeidsgjevarar

Trass gode formuleringar om institusjonane og NRK tidlegare i meldinga, meiner vi kapittel 9, om *rimeleg betaling for kunstnarleg arbeid og tydeleg inkludert på kunstnarrelevant politikkområde*, er for unyansert i si framstilling av kulturlivet som arbeidsliv. Meldinga skildrar i dette kapittelet eit kulturarbeidsliv vi, som arbeidsgjevarorganisasjon, ikkje kjenner oss att i. Spekter vil i denne samanheng minne om at store delar av kulturfeltet er organisert på begge sider av bordet, og med tariffavtalar som sikrar dei tilsette – også kunstnarane – gode løns- og arbeidsvilkår. *Ufråvikelegheitsprinsippet* inneber dessutan at arbeidsgjevarar har plikt til å gi både organiserte og uorganiserte dei same lønns- og arbeidsvilkår for det arbeidet som er regulert av tariffavtalen. I tillegg har partane forhandla fram ei rekke avtalar som regulerer rimeleg vederlag for bruk/visning av åndsverk. Spekter er klar over at det i delar av kulturlivet ikkje er like ryddig, men vi meiner meldinga hadde vore langt sterkare om den hadde framheva at det er særskild ryddige arbeidsforhold i store delar av sektoren.

### **Gjennomgang av korleis arbeidsmiljølova er tilpassa kulturlivets behov**

Spekters medlemmer er profesjonelle arbeidsgjevarar, som sjølvstendig følgjer både lovverket og tariffavtalane dei er omfatta av. Spekter meiner meldinga i større grad burde tatt føre seg korleis innstramma i arbeidsmiljølova påverkar sektoren i stort. Det er innskrenka adgang til bruk av midlertidig tilsette og innleigd arbeidskraft. I tillegg inneber ein ny presumpsjonsregel knytt til arbeidstakaromgrepet at arbeidsgjevar ber bevisbyrda om oppdragstakar krev fast tilsetjing, og etterbetaling av lovpålagte goder, fordi dei meiner dei burde vore tilsett. Samla fryktar vi desse endringane vil føre til store økonomiske kostnader og ein auka administrativ byrde i sektoren.

Kultursektoren er i sin natur avhengig av fleksibilitet i arbeidskrafta for at måla med verksemda skal nåast. Auka kostnader vil føre til mindre aktivitet og høgare billettprisar. Mindre aktivitet hjå våre medlemmer vil føre til eit mindre mangfaldig kulturtilbod og mindre arbeid til dei utøvande og skapande kunstnarane. Det vil også ramme rekruttering, utvikling og vekst. I sum vil det vere negativt for kunstnarøkonomien.

Spekter meiner dette er ei særstøtt uheldig utvikling, som korkje vil bidra til eit tryggare arbeidsliv, eller betre måloppnåing om høg kunstnarleg kvalitet. Difor støttar vi forslaget om *å styrkje kunnskapsgrunnlaget og samordne og tilgjengeleggjere eksisterande kunnskap om økonomien og arbeidsmarknaden i kultursektoren og på dei ulike kunstfeltene.* I dette arbeidet meiner vi det vil vere naturleg å sjå på korleis arbeidsmiljølova er tilpassa kulturlivets behov, og det vil vere naturleg at arbeidslivets partar er involverte i arbeidet.

### **Viktig med tillit til partane i arbeidslivet**

Regjeringa vil gje Kulturdirektoratet i oppdrag å utarbeide ein strategi for rimeleg betaling til kunstnarar og forslag om overordna verdiprinsipp. *Arbeidet skal gjennomførast i samråd med kunstnarorganisasjonar og statleg finansierte kunst- og kulturinstitusjonar.*

Spekter vil minne om at vi allereie i dag har eit juridisk rammeverk som heimlar retten til rimeleg vederlag for overdraging av skapande og utøvande kunstnarar sine rettar, som våre medlemmer sjølvstendig forhold seg til ved avtaleinngåing. Dei har god trening i verdisetjing av kunst og kunstnarleg arbeid.

Spekter er bekymra for at eit slikt oppdrag som no vert føreslått tildelt Kulturdirektoratet vil gripe inn i partane sin autonomi. Vilkår i åndsverklova § 69 om retten til rimeleg vederlag er tydelege, og arbeidsmiljølova set grenser for andre arbeidsforhold, som ansvarlege kulturleiarar sjølvstendig følgjer. Ansvarsdelinga på dette området må etter vårt syn framleis vere slik at partane kjem fram til avtalar, og at ueinigheiter følgjer vanleg saksgang og at domstolane legg vidare føringar for praksis.

Spekter viser til Norges museumsforbund sitt innspel knytt til avtalar om utstillingsvederlag.

### **Ikkje naudsynt med nytt rapporteringskrav om bruk og honorering av sjølvstendig næringsdrivande**

Verksemdene rapporterer allereie denne informasjonen til skattemyndigheitene årleg. Difor vil Spekter oppmode Regjeringa om å hente allereie innrapportert informasjon derifrå, framfor å skape unauddsynleg ekstraarbeid for administrasjonar som allereie kjenner på auka rapporteringsbyrde. Spekter kan ikkje støtte forslaget om å innføre eit nytt rapporteringskrav for statleg finansierte kunst- og kulturinstitusjonar om bruk og honorering av sjølvstendig næringsdrivande kunstnarar.

### **Positivt med tiltak som stimulerer til auka organisasjonsgrad**

Spekter er tilfreds med at meldinga tek til orde for å stimulere til auka organisasjonsgrad på kulturfeltet og vurdere tiltak som kan bidra til eit forsterka trepartssamarbeid. Kulturfeltet er fragmentert organisert. Med eit

aukande fokus på kultur som arbeidsliv, meiner vi at å styrke trepartssamarbeidet kan bidra til å sikre sektoren større stabilitet og føreseielegheit over tid. Spekter vil svært gjerne bidra til dette.